


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2013 var 321 (snittvekt 3,8 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering. I 2013 vart det fanga 497 laks (snittvekt 4,7 kg), ein liten nedgang frå året før, men likevel eit av dei beste resultatata for heile perioden.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda.

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978-2013 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, grå). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett laks i 2012.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjellprøvar av 515 laks og 10 sjøaure i Espedalselva (**figur 2**). I 2013 mottok me prøvar av 42 laks (9 % av registrert fangst).

Innslaget av rømt oppdrettslaks har gått jamt ned sidan 2009, og dei to siste åra har det ikkje vore rømt laks i skjelmaterialet.



FIGUR 2. Antal skjellprøvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).

Etter 2004 har tilveksten i havet vore dårleg, og dette har resultert i at ein relativt høg andel 2-sjøvinterlaks har vore under 3 kg, og ein god del 3-sjøvinterlaks har vore under 7 kg.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no